


Trusopplæring er viktig fordi dåp og opplæring høyrer saman. Det er foreldre og fadrar, saman med kyrkja, som har dette ansvaret. Stortinget har vedteke ei trusopplæringsreform (St.meld. 7,2002/2003) for alle døypte og tilhøyrande born i Den norske Kyrkja. Tilhøyrande tyder at minst ein av foreldra er medlem i kyrkja. Dette inneber ein T-dag kvart år med ulike tema tilpassa alder. Like naturleg som å bera born til dåpen skal det vera å koma på T-dagar.

VELKOMEN TIL

BORNA SIN PÅSKEFEST

I VANGSKYRKJA
SUNDAG 23. APRIL
KL. 09:30-12:00

 Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80
e-post: t-dagane@voss.kyrkja.no,
www.voss.kyrkja.no  "Trusopplæringa i Voss"
Frivillig gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293 (merk: trusopplæring)



STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA



STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA



VELKOMEN TIL T₇-DAG OG
BORNA SIN PÅSKEFEST

Du som er 7 år (fødd 2010) er invitert til
trusopplæringsdag i Vangskyrkja
sundag 23. april kl. 09:30-12:00.


T₇-dagen er ei påskevandring der me fortel, syng,
smakar og leikar oss igjennom påskehøgtida. Me skal
òg laga noko som skal brukast på gudstenesta kl. 11:00.
Gudstenesta er Påskefestgudsteneste i lag med heile
kyrkjelyden.

PROGRAM

Kl. 09:30 Velkomen til påskevandring
Kl. 11:00 Gudsteneste der me tek del
Kl. 12:00 Kyrkjekaffi

Denne T-dagen er for sjuåringen saman med ein vaksen.

Her er ein av songane me skal synga:



På Golgata stod det ein kross,
Jesus døydde på krossen.
I hagen var det ei grav,
Jesus låg i den grava.

∴ Men krossen er tom og grava er tom,
Jesus stod opp og han lever. ∴

Gje beskjed:

- om barnet treng spesiell tilrettelegging eller har mjølk-/gluten-/eggallergi.
- om de kjenner nokon som vil vera med som ikkje har fått invitasjon.
- om de ikkje ynskjer at bilete av barnet kan brukast til presseomtale, internett e.l.

Påmelding innan torsdag 20. april

til tlf: **952 62 026**(sms)

Helsing kyrkja i Voss v/ kateket Rønnaug Skjeldal og
trusopplærar Tone Brekke

